



"Røyserett for alle" takkar for trampeklapp frå fleire hundre latviske songarkolleger i Valmiera. (Foto. Ola Matti Mathisen)

"Røyserett for alle" har hatt tre intense dagar i Latvia som trinn nummer to i 20-årsmarkeringa. Koret frå Kvinnherad har sunge både i ein skule-aula, eit kulturhus og på eit slott og hatt stor suksess i eit land der korsongen ligg på eit svært høgt nivå og ned gjennom åra har vore ei markering overfor utanlandske makthavarar. .

Neste år kjem eit av dei beste latviske kora hit. Atskana (som betyr ekko) er frå Babite, ein av nabokommunane til hovudstaden Riga. Dei tok begeistra i mot invitasjonen til kvinnheringane og kjem kanskje hausten 2009.



Ein dirigent syng for ein annan: Ginta Petersone og Maria Malmsten (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad-koret med base i Uskedalen får etter turen ros for stor innsats av dirigent Maria Malmsten. – Ikkje minst skal dei berømmast for at dei syng svært reint, seier ho til uskedalen.no når dei nå er heime att og klare for nye oppgåver. Og i Latvia møtte koret eit svært kresent publikum som veit å verdsetja god song.



Ti år gamle Rota spela Grieg for gjestene frå Noreg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit klart høgdepunkt i så måte vart nådd i kulturhuset i byen Valmiera, der kvinnheringane fekk lov til å syngja i en pause i uttakinga til den 24. nasjonale korfestivalen i juli. Konsertinnslaget deira var ein forsåvidt velgjerande internasjonal kontrast til det ellers sterkt nasjonale programmet denne dagen og klappsalvane ville nesten ingen ende ta.

Festivalen er eit imponerende kapittel for seg: Den vert halde kvart femte år med opptil 12.000 songarar på scena på ein gong i Mezaparka i utkanten av



Dansarane til Atskana imponerte stort.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Riga. No kjempar dei 200 kora i landet om finaleplassane og 15 kor i seks grupper var i aksjon i uttakinga for Valmiera fylke. Nivået også i dette fylket er høgt og dei fleste av blandakora kom til finalen.



Akustikken i den kvite salen i barokkslotet Rundales Pils var utruleg.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Koret som kjem til Kvinnherad kom førre helga på femteplassen i uttakinga for Riga-området, med 43 av 50 mogelege poeng.

Det imponerte kvinnheringane sterkt, ikkje berre med songen men også med dansarane, som la for dagen ein utruleg presisjon. Koret hadde eit fyldig spekter av stemmer men med særleg imponerande sopranar.

- Dei syng naturleg, organisk og levande sjølv om mange av songane er svært krevjande, sa Maria Malmsten, som verkeleg ser fram til å få latviarane til Kvinnherad. Ho peikar også på at dei syng i ein mektig, nasjonal tradisjon.

Frode Kaldestad, som var med på turen som pianist, legg til: - Jau, det er som å oppleve den nasjonale manifestasjonen i Noreg for 100 år sidan.

Kva meinte så Atskana-leiarane om Kvinnherad-koret? Dirigent Ginta Petersones konklusjon var stutt, men klar: - "Røysterett for alle" er eit flott kor!

Eit tredje høgdepunkt for Kvinnherad-koret var då dei song i den kvite salen i barokkslotet Rundales Pils, som ligg sør i landet. Her var akustikken fantastisk og regien vart også framifrå då ein trio etter songen til nordmennene kom inn for å dansa menuett. Dei var spesialbestilte av ei anna norsk gruppe. Nordmenene gjer seg allereie no, tidleg i turistsesongen, sterkt gjeldande i Latvia.

Kvinnheringane hadde også andre sterke opplevingar under dei tre dagana. Ein av dei var då dei såg Wagners "Den flygande hollender" i Riga-operaen, ein av dei fremste operascenene i Europa.

No tek også "Røysterett for alle" til med ei nasjonalprega oppgåve – oppkøyinga til 17. mai!

Av Ola Matti Mathisen



Kvinneherad-koret framfor Frihetsmonumentet i Riga. (Foto: Ola Matti Mathisen)